

dok 129

Kultur- og Kirkedep. III	
Saksnr. 200606109	Dato 11.10.06
Kode Ki-501	Beh.....

Kultur og Kirkedepartementet  
Kirkeavdelingen  
Postboks 8030 Dep  
0030 Oslo

29.09.2006

Bud Sokneråd  
6430 Bud

### Fylgebrev til svararket "Staten og Den norske kyrkje"

Etter lange diskusjoner, mykje grubling fram og tilbake, kjem endelig svaret frå Bud Sokneråd – som vi håpar vil vere tunga på vektskåla til fortsatt behalding av statskyrkja.

Det var full semje i soknerådet på alle punkt.

Bud Sokneråd er ein del av Fræna Prestegjeld i Møre bispedøme.

På vegne av soknerådet:



Sven Terje Henry Engstrøm (Sokneprest i Bud)

# Staten og Den norske kirke – Spørsmål til høringsinstansene

Navn på høringsinstans:

## Type høringsinstans

- Kommune
- Menighetsråd/kirkelig fellesråd/bispedømmeråd
- Prost/biskop
- Tros- eller livssynssamfunn utenfor Den norske kirke
- Frivillig organisasjon innenfor Den norske kirke
- Annen offentlig instans
- Annen privat instans

### 1. Hvilke overordnede prinsipper bør ligge til grunn for tros- og livssynspolitikken?

Svar: At staten Norges religion forbliver Evangelisk-Luthersk som idag, ved at den er Grunnlovsforankret. Og at denne gis eit særskilt vern, støtte og rettars framfor andre tros og livssyn. Vi ser det også som naturleg at kongen i statsråd delegerer utnevninga av biskoper til kyrkja.

### 2. Den norske kirke som statskirke:

- Bør fortsette
- Bør avvikles
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

### 3. I hvilken lov bør Den norske kirke være forankret?

- Grunnloven
- Egen kirkelov vedtatt av Stortinget
- Lov om trossamfunn
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

### 4. Hvordan bør Den norske kirke finansieres?

- Gjennom medlemsavgift
- Medlemsavgift med noe støtte fra det offentlige
- Støtte fra det offentlige og med noe medlemsavgift
- Offentlig finansiering uten medlemsavgift
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

**5. Hvordan bør valgordningene og demokratiet være dersom statskirkeordningen avvikles?**

- Valgordningene bør være som i dag
- Øke bruken av direkte valg til kirkens besluttede organer
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelle andre ordninger:

**6. Dersom statskirkeordningen avvikles, hva bør i så fall stå i § 2 (eller i en annen paragraf) i Grunnloven i tillegg til prinsippet om religionsfrihet?**

(Her kan du/dere sette kryss på ett eller flere alternativer)

- Ingen tillegg
- De politiske prinsipper som statsforfatningen bygger på; så som demokrati, rettstaten og menneskerettighetene
- Det kristne og humanistiske verdigrunnlaget
- Det humanistiske verdigrunnlaget
- At Den norske kirke er en evangelisk-luthersk kirke
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelt annet:

**7. Hvem bør ha ansvaret for gravferdsforvaltningen?**

- Den lokale kirke (menighetsråd eller kirkelig fellestråd)
- Kommunen
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

**8. Hvem bør eie og forvalte kirkebyggene?**

- Den lokale kirke bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret
- Den lokale kirke bør eie kirkebyggene, og kommunen bør ha det økonomiske ansvaret
- Kommunen bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

## Høringsuttalelsen

Møre Bispedøme, Bud Sokneråd, 29.09.2006

Bud Sokneråd er ikkje einig i at ei lovforankra folkekyrkje vil ivareta den stillinga son Den Norske Kyrkje har i landets historie og blant folk flest, og ser det derfor som nødvendig at dagens statskyrkjeordning vidareførast innafor dagens grunnlovsbestemmingar for å oppretthalde kontinuiteten mellom kyrkje og folk som har vart i tusen år.

Vi trur ikkje på argumentasjonen frå Gjønnnes utvalet når dei hevdar at forholdet mellom "kyrkje og folk" ikkje er avhengig av forholdet mellom "staten og kyrkja". Vi trur det er slik at den store masse, som gjeng i kyrkja ved dåp, konfirmasjon, vigsel, gravferder og høgtider, vil oppleve at ei bevaring av statskyrkja vil gjere at dei føler seg knytt til den og er ein del av den, sjølv om dei ikkje bruker den like mykje som dei ein kallar den "indre kjerne".

Vi ser likevel ingen grunn til at Kongen i Statsråd ikkje skulle kunne delegerer utnemning av prostar og biskopar til Kyrkja sjølv. Og at Kongen i statsråd velgjer den biskopen som er foreslått gjennom kyrkjens egne organa, enten dette skjer på kyrkjemøtet eller gjennom direkte val.

Vi ser det også som viktig at den norske Stat og konge gjennom denne prosessen på nytt blir seg bevisst sin kristne identitet og at den evangeliske lutherske religion er og blir statens offentlige religion som den gir ekstra støtte, vern og rettar. Vi minner også om at DNK er ei billig bedrift for staten, og kostar ikkje meir å drive ein eit lite sjukehus i Oslo.

Vi nemner også at på spyrjeskjemaet så var det fullstendig semje på kvart avkryssningsalternativ.

På vegne av Bud Sokneråd 29.09.2006

*Solbjørg Frisnes*  
Solbjørg Frisnes (Leiar)

*Sven Terje H. Engstrøm*  
Sven Terje H. Engstrøm (Sokneprest)